



Arbeidarpartiet



Program 2023-2027



Gode veljar

Eg er stolt over kommunen vår og alle dei flotte folka som bur her. Vik kommune er ein god kommune å bu i. Snart er denne valperioden over og me er inne i valåret 2023. Som ordførar i inneverande periode så har eg lyst til å fortsetja i jobben som eg har byrja på, men det er du som er med på å bestemma. Slik fungera demokratiet og det er det som er so flott med å bu i eit land der medbestemming og demokratiet fungerer godt. Vik i framtida er vårt ansvar i dag.

Sidan førre val har arbeidarpartigruppa arbeida godt og eg vil trekkja fram nokre av dei viktige satsingane Vik Arbeidarparti har fått igjennom:

- Vik Helse og Omsorgssenter er tidenes investering i kommunen vår. Ei historisk kvalitetssatsing på helse og eldreomsorg.
- Ny barnehage i Fresvik.

- Ny barnehage i Feios.
- Fjordavegen er endeleg inne med planleggingsmidlar og er heva opp på prioriteringslista til Vestland fylkeskommune.
- Halvert foreldrebetaling til barnehage, SFO og kulturskule.
- Halvert eigedomsskatten, frå fire til to promille.
- Innført mjølkeprosjektet, slik at bønder som må leggja om til lausdrift får stønad og hjelp.
- Støtta frivilligheita med kulturhusfond til å renovasjon av kulturygg.
- Vidareutvikla aktivitetsparken i Vik. Dette er ein viktig arena for breiddeidretten, men også ein møteplass for uorganisert aktivitet.
- Profesjonell næringsutvikling i samarbeid med dei andre sognekommunane gjennom Sogn Nærings og Sogn Utvikling.

Me i Arbeidarpartiet vil ha ein kommune med like mogelegeheter for alle uavhengig av inntekt. Ein open og inkluderande kommune der me har gode offentlege tenester.

Eg har vore ordførar gjennom krevjande tider med ein pandemi som fekk ei heil verd til å stoppa opp. I denne perioden var Vik kommune den kommunen i Vestland med lågast arbeidsløyse. Hovudårsaka er det varierte arbeidslivet i kommunen. Dette skal me ta vare på. No er det krig i Europa og me skal hjelpe til med å ta vare på dei som må flykta frå krigen.

Vik Arbeidarparti satsar på Vik kommune, me satsar på ein trygg og sikker styring av kommunen vår. Politikk handlar om å ta val – politikk handlar om å ta ansvar.

Eg ynskjer å få alle gode krefter til å dra i same retning. Med ein løysingsorientert tone og gjensidig respekt skal me saman løysa utfordringane som me møter. Å utvikla Vik kommune er eit lagarbeid som eg vil ha alle med på. Den sterkeste krafta i eit samfunn finn ein i fellesskapen. Vil du framleis ha meg som ordførar i Vik kommune?

Bruk stemmeretten!
Stem på fellesskapet!

Stem på Arbeidarpartiet!

Godt val!

Roy Egil Stadheim
Ordførar





Kultur, idrett og frivilligheit

Felles opplevingar innan kultur og idrett knyter oss saman og er med på å gjera alle innbyggjarane i kommunen til vikjer. Kulturlivet skal vera mangfaldig, sterkt og uavhengig. Arbeidarpartiet vil leggja til rette for drifta av dei frivillige organisasjonane og støtte opp under den gode dugnadsånda i kommunen.

Vik Arbeidarparti vil:

- Gje frivilligsentralen handlingsrom til å setja i gang aktivitetar for ulike grupper.
- Integrere alle grupper i samfunnet vårt gjennom å tilby fleire møteplassar.
- Styrka Vikjahalli som kulturarena og levande møteplass for alle aldersgrupper.
- Oppretthalda ein desentralisert struktur i kulturskulen.
- Arbeida for koordinator for kultur og idrett i kommunen.
- Ta vare på turstiar og løyper.
- Byggja aktivitetshus i aktivitetsparken som møteplass og avlastning for Blixhalli.
- Leggja til rette for eit aktivt fritidsliv for menneske med ulike funksjonsnivå.
- Gje støtte til lag og organisasjonar som vil tilretteleggja for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Leggja til rette for at alle born og ungdomar har høve til å delta på fritidstilbod uavhengig av familien sin økonomi.



Klima og miljø

Klimaendringar og tap av naturmangfald er globale utfordringar som også råkar oss. Ei grøn omstilling er nødvendig og me vil arbeida for at Vik vert ein berekraftig kommune. Me skal gjera vårt bidrag til at Noreg når sine klimamål.

Vik Arbeidarparti vil:

- Gjera Vik kommune til eit Miljøfyrtårn.
- Stimulere til at lokale verksemder miljøsertifiserer seg. Stille klima- og miljøkrav i kommunale tilskotsordningar og ved kommunale innkjøp.
- God arealplanlegging med tanke på naturmangfald og framtida sitt klima. Sikre at klimaarbeidet vert prioritert i kommuneplanar.
- Ta vare på dyrka mark og myrområde og arbeide for berekraftig skogforvaltning.
- Leggja til rette for at det blir lett for innbyggjarane å gjera klimavenlege val.
- Leggja til rette for ombruk. Sørga for at forbrukarar får informasjon om korleis eit produkt kan reparerast, gjenbrukast og resirkulerast.
- La klimaaavtrykket påverke ilandstigningsavgifta for cruiseskip.
- Leggja til rette for og støtte fornybar energiproduksjon.
- Samarbeida med frivillige lag og organisasjoner, landbruksnæringa og næringslivet i kommunen for å redusera klimaforavtrykket i kommunen.



Born og unge

*Ein trygg og god start på livet er viktig for å få eit godt liv.
Arbeidarpartiet vil leggja til rette for gode læremiljø, trygge
oppvekstmiljø med gode fritidstilbod.*

Vik Arbeidarparti vil:

- Styrka kvaliteten i barnehagane våre gjennom god grunnbemanning.
- Leggja til rette for kompetanseutvikling for dei tilsette.
- Satsa på tidleg innsats i barnehage og skule mot barn med spesielle behov.
- Halda fram med reduserte gebyr for barnehage, SFO og kulturskule.
- Tilby kontinuerleg opptak av alle barn slik at alle, uavhengig av når på året barnet er født, får plass i barnehagen.
- Syta for god lærartettleik.
- Arbeida for trygge skulevegar.
- Halda fram IKT-satsinga i skulen.
- Laga møteplassar for ungdom.
- Arbeida for transportordningar som gjer at ungdomar kan delta i aktivitetar i andre bygder enn dei bur.
- Involvera ungdomsrådet i politiske saker om deira framtid.



Helse, tryggleik og trivsel

Alle i Vik kommune skal ha høve til å leva eit godt liv – heile livet! Me vil ha ein kommune som fremjar god helse for alle, førebyggjer sjukdom, gjev born og unge ein trygg start på livet, og som gjev alle høve til å leva gode liv, i små og store fellesskap.

Vik Arbeidarparti vil:

- Leggja til rette for at folk kan bu trygt i eigen heim gjennom å styrka heimetenestene.
- Ha gode dagtilbod for eldre og dei som treng det i kommunen. Oppretthalda og skapa gode og trygge møteplassar.
- Utvikla og utvida samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar.
- Sikra alle born og unge tidleg og god hjelp, god omsorg og godt vern når dei treng det.
- Styrka kompetansen innan psykisk helse med tilsetjing av psykolog
- Syta for god fagleg oppfølging av personar med rusproblem.
- Leggja til rette for god brukarmedverknad gjennom god samhandling med Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Ha eit godt og trygt legevakttilbod.
- Etablera ei framtidsretta eldreomsorg ved å nytta velferdsteknologi.
- Arbeida for kommunale aldersvenlege utleigebustader nær Vik sentrum.
- Auka grunnbemanninga i helse og velferd for å unngå vikarbruk.



Samfunnsutvikling

Me må heile tida utvikla oss for å vera ein attraktiv kommune for folk og næringsliv. Saman med næringslivet, frivillige organisasjonar og innbyggjarane vil me utvikla kommunen vidare. Naturen, kulturen, naturressursane, men ikkje minst gründerånda og dugnadsånda gjev Vik spesielt gode føresetnader for å lukkast.

Vik Arbeidarparti vil:

- Bruka kraftfondet til å støtta gründerar og utvikling i eksisterande verksemder.
- Støtta verksemder som tek inn traineear og lærlingar.
- Nyttar eigarskapen i Sognekraft til å leggja til rette for ny kraftkrevjande industri og grøn omstilling.
- Halda fram og styrka samarbeidet med Sogn Nærings og Sogn Utvikling.
- Sikra variert og framtidsretta næringsareal.
- Sørga for attraktive og varierte bustadtomter i alle bygder.
- Utvikla Vikøyri som tettstad med fleire folk, arbeidsplassar og tenester innanfor gå- og sykkelavstand til sentrum.
- Vidareutvikla sjøkanten austover frå Kristianhus mot Goteviktunnelen.
- Byggja offentlege toalett og parkering ved attraksjonar.
- Handla mest mogeleg lokalt ved kommunale innkjøp.
- Arbeida for fleire statlege arbeidsplassar i kommunen.



Landbruk for framtida

Vik er ei landbruksbygd med gode og veldrivne gardar og dyktige bønder. Vik Arbeiderparti ynskjer å ta vare på dette og vera med på å vidareutvikla denne næringa. I tillegg gjer landbruket ein stor innsats med å pleia kulturlandskapet, noko som ikkje minst reiselivsnæringa haustar godt av.

Vik Arbeidsparti vil:

- Ha vern om dyrka mark. Må dyrka mark byggjast ned, så skal denne erstattast med ny dyrka mark.
- Støtta bønder som torer å satsa på gardane sine og hindra fråfall i landbruket ved å hjelpe til med omstillingar. Eit døme er det pågåande «mjølkeprosjektet» som skal bidra til at dei som enno ikkje har lagt om til lausdriftsfjøs gjer dette i staden for å legge ned drifta.
- Støtta prosjekt som gjev fleire arbeidsplassar. Kommunen skal vera medspelar i samband med omstilling og nyskaping i landbruket.
- Støtta utvikling av produkt som byggjer på lokale råvarer og mattradisjonar.
- Arbeida for bøndene sine arbeidsvilkår gjennom å vera pådrivarar mot sentrale styresmakter.
- Arbeida for vidare drift ved Vik meieri.
- Arbeida for omklassifisering av kommunale og fylkeskommunale vegar for å letta uttransport av tømmer.




Samferdsle

Vik kommune er ein av dei kommunane på Vestlandet med størst utfordringar knytt til samferdsle. Trygge og opne vegar er avgjerande for folk og næringsliv. Å bli ein del av ein større bu- og arbeidsmarknad vil vere avgjerande for rekruttering av kompetent arbeidskraft. Me har krav på trygge og heilårsopne vegar og gode ferjesamband til liks med resten av landet.

Vik Arbeidarparti vil:

- Arbeida for auka skredsikring av fylkesvegane våre.
- Arbeida for tunell mellom Vik og Arnafjorden som skredsikringstiltak.
- Arbeida for å trygga skulevegane våre.
- Arbeida for betre kollektivtilbodet både nordover og sørover.
- Arbeida for å få auka ferjefrekvens kveld og natt.
- Arbeida mot sentrale myndigheter for lang Vikafjellstunnell.
- Arbeida for å bli ein trafikksikker kommune.
- Auka løyingar til vedlikehald av kommunale vegar.



Ein god arbeidsplass

Vår tids største utfordring er å få tak i nok kvalifisert arbeidskraft og halde på arbeidskrafta lengst mogeleg. Vik Arbeidarparti ynskjer å styrka og utvikla kommunen som ein god arbeidsplass i samarbeid med administrasjonen og dei tillitsvalde.

Vik Arbeidarparti vil:

- Utvikla organisasjonskulturen i kommunen med auka tillit, openheit og samarbeid.
- Styrka partssamarbeidet mellom politikarar, administrasjon og tillitsvalde.
- Auka grunnbemannninga der dette kan redusere vikarbruk.
- Tilby heile stillingar til alle som ynskjer det.
- Tilby fleire lærlingplassar og sommarjobbplassar.
- Tilby faste stillingar til lærlingar som tek læretida i Vik kommune.
- Innføra seniortiltak for alle mellom 62 og 70 år.
- Leggja økonomisk til rette for kompetanseheving blant dei tilsette.
- Leggja til rette for lærlingplassar og at tilsette kan ta fagbrev i Vik kommune.



Våre kandidatar

- | | | | |
|-----|----------------------------|-----|------------------------------|
| 1. | Roy Egil Stadheim | 13. | Rune Tangstad |
| 2. | Aud Marit Berge Feidje | 14. | Iwona Matusiak Stokkebø |
| 3. | Jens Andreas Melheim | 15. | Rune Lunde |
| 4. | Reidunn Bolstad | 16. | Kristin Ulvestad |
| 5. | Arne-Olav Lien Bardølsgård | 17. | Odd Asbjørn Myrkaskog |
| 6. | Victoria Midlang Harbak | 18. | Thale Charlotte Halset |
| 7. | Lars Magnus Bungum | 19. | Erlend Lillehauge |
| 8. | Hild Berglund | 20. | Tove Lislelid |
| 9. | Bjarne Larsen | 21. | Aleksander Valsvik |
| 10. | Gunhild Brekke | 22. | Anne Cecilie Riiber Klarholm |
| 11. | Birger Sjømæling Andresen | 23. | Oddvar Tryti |
| 12. | Heidi Irene Rennestraum | | |